

# VIKING & VILLREIN

Velkomen til ein fargesprakande familiedag full av spennande aktivitetar  
Hovden, Hegni den 5. oktober 2024 kl. 11-15

## Program . 5 oktober

11:00 – Opning av Viking & Villrein med vikingparade og musikk  
11:30 – Kjell Braaten med musikk og historiske instrument  
11:30 – Lavvoen: flåing og partering av villrein, Per Øyvind Asbjørnsen  
12:00 – Lavvoen: Kim Tomas Joma deler av kunnskapen sin og tilbereder det nyparterte viltkjøttet  
12:00 – Sjonglering med Flaks sjongleringsgruppe  
12:30 – Lavvoen: partering av vilt, Per Øyvind Asbjørnsen  
13:00 – Lavvoen: Kim Tomas Joma deler av kunnskapen sin og tilbereder det nyparterte viltkjøttet.  
13:00 – Borneteater, Teater Fabel spelar «Beowulf»  
13:30 – Lavvoen: partering av vilt Per Øyvind Asbjørnsen  
14:00 – Lavvoen: Kim Tomas Joma deler av kunnskapen sin og tilbereder det nyparterte viltkjøttet

## Matsservering - 11:00-15:00


I lavvoen har den sørsamiske viltkokken Kim Tomas Joma og gode hjelparar matsservering og sal av smaksprøver. Hovden Rideklubb sel kaffi og pølser.



Billetter & Program

## Aktivitetar som gjeng heile dagen

- Blestring av myrmalm til jernproduksjon
- Agder Vikinglag: Pil og boge, og andre vikingleikar
- Agder Vikinglag: Korleis lage perler og anna handverk frå vikingtida
- Lær å kaste lasso
- Sjå på smiing av munnharpe v/Harald Stulien Robstad, og opplev korleis instrumentet høyrast ut v/Endre Stulien Robstad
- Gå natursti og ta villreinsertifikatet
- Jernvinnemuseet – lag ein skjoldmøpse
- Lær brikkeveving med Fjellgardane Ung Husflid
- Valle Vev vise garnfarging og veving på oppstadvev
- Lær om historiske instrument og høyr korleis musikken var for lenge sidan
- Flaks sjongleringsgruppe
- Lær å få fyr ved bruke eldstål, Tom.B Regevik Kulturav Agder
- Syltetøykoking med Randi & Synøve
- Lefsebaking med Inger Lise Stulien
- Brygging av einerlåg med Bygland Bryggeri
- Ost frå Uppistog Gard, som også har med seg geiter



utforsk eit mangfald av flotte produkter og råvarer frå nær og fjern.

Er du jeger, hobbykokk eller matentusiast?

Bli med på workshop i partering av vilt og matlaging med Kim Tomas Joma!  
Fredag 4. oktober kan du bli med på ein kveld med partering og matlaging på Hegni, Hovden, der vi samlast i ein laavo for ein inspirerende og lærerik kveld.

Påmelding og meir informasjon:  
[www.vikingvillrein.no](http://www.vikingvillrein.no)



# Byklaren

eit informasjonsblad frå Bykle kommune



Oktober 2024 35. ÅRGANG



Bykle IL og Hovden Sportsklubb skal arrangere NM i langrenn på Hovden. Det vil vere konkurransedagar

frå torsdag 27.mars til søndag 30. mars 2025. Det kan òg vere behov for hjelp i dagane før sjølve konkurransedagane. Vi som arrangørar treng hjelp til mange ulike ting. Har du lyst og mogleghet til å vere frivillig? Ta kontakt med Roar Hjelmeset på [roar@hovdentour.no](mailto:roar@hovdentour.no). Som frivillig får du jakke og lue, pluss at du er med å bidrar i lokalmiljøet.

Opningstider kulturhus [kultur@bykle.kommune.no](mailto:kultur@bykle.kommune.no) / 902 16 856

Hovden grendehus og bibliotek	Bykle samfunnshus og bibliotek
Måndag-torsdag 8-21	Måndag 10-16.30
Fredag 8-16	Torsdag 10-16.30
Hautferien (veke 40) 9-16	Stengt i veke 40



Med atterhald om endringar

Bykle samfunnshus

12.10.24:

Kl 16:30 – Den ville roboten  
Kl 18:30 – Joker: Folie à Deux

26.10.24

Kl 16:30 – Todd & Super-Stella  
Kl 18:30 – Transformers One



## Konsert i Lislestog

Laurdag 19. oktober klokka 17.00 vert det konsert med Hallvard T. Bjørgum i Flatlandsstoga. Me stiller med kaffi og noko å bite i, Hallvard står for musikken. Inngang 50 kr, eller så mykje du vil. Billettinntekta går uavkorta til TV-aksjonen 2024.

Arrangør: Kultur & Fritid Bykle kommune

## Foredrag på Hovden grendehus

22. Oktober klokka 18.00

Leif Ekle, mangeårig journalist og litteraturkritikar i NRK P2, kjem til Hovden grendehus med eit foredrag om det ein kallar allminnelege, arbeidande menneske. Foredraget er tufta på boka "Olgas bok. Et stille liv i arbeiderklassen", som handlar om forfattarens eiga mor. Gratis inngang.

Arrangør: Kultur & Fritid Bykle kommune

## Psykolog med sovepose - Hovdestøylen

onsdag 9. oktober klokka 18.30

Bykle kommune og Hovdestøylen hotell inviterar til føredrag med Johanne Refseth, betre kjend som "Psykolog med sovepose" i sosiale medier. "Naturen som lykkepille" handlar om naturens og utelivets positive effekt på både humør og psykisk helse.

Føredraget er ein del av programmet til Bykle kommune sin folkehelsedag, og finn sted i 2. etasje på Hovdestøylen hotell. Dørane opnar klokka 18.00, og her er det lurt å vere tidleg ute!

Gratis inngang.





Byklaren er eit kommunalt informasjonsblad. Vi tek med kunngjering om arrangement og aktivitetar i regi av lokale lag og organisasjonar. Innslag sendast med tekst og bilete til: [byklaren@bykle.kommune.no](mailto:byklaren@bykle.kommune.no)

[www.bykle.kommune.no](http://www.bykle.kommune.no)

**Politiske møter og saksdokument**  
finn de på heimesida eller følg QR-koden ->



### Nytt gratistilbod for hjelp med datamaskiner og mobiltelefonar

Det er mange tunge digitale løft i kvardagen – frå forvirrande nett-tenester og finurlege program, til datamaskiner og mobiltelefonar som lev sitt eige liv. "Data-kafeen" er eit gratis tilbod i regi av Frivilligsentralen og Brynjesprosjektet til dei som ønskjer å få ei hjelpande hand for å navigere den digitale kvardagen. Me tek opp tema av felles interesse og set av god tid til individuell hjelp. Det er inga påmelding, men har du spørsmål kan du kontakte Brynjesprosjektet v/ Vidar Mortensen på telefon 92416961, eller e-post: [vidar.mortensen@bykle.kommune.no](mailto:vidar.mortensen@bykle.kommune.no).

**Tid og stad: Hovden grendehus måndag 21/10 kl 18-20 / Bykle samfunnshus torsdag 24/10 kl 12-14**

### Aktive saman i Bykle – Folkehelsedagane og Verdsdagen for psykisk helse 9.–10. oktober

Bykle kommune inviterer alle innbyggjarar til to inspirerande dagar fylte med fellesskap, aktivitet og nyttig kunnskap om psykisk helse. Under temaet "Aktive saman i Bykle" ynskjer vi å samle menneske i alle aldrar for å oppleve noko saman og styrkje samholdet i lokalsamfunnet.

**Onsdag 9. oktober kl. 18.30** opnar vi dørene på Hovdestøylen Hotell for eit spennande føredrag med Johanne Refseth, kjend som "Psykolog med sovepose". Ho er aktuell med si nye bok "Tøffare enn du trur" og vil dele innsikt om korleis naturen kan styrkje vår psykiske helse. Dørene opnar kl. 18.00. Gratis og ope for alle.

**Torsdag 10. oktober** held vi fram med ei rekkje aktivitetar:

**Kl. 11.00–13.00:** Seniortrim og kafé på Bykle samfunnshus med besøk av fylkeseldreombod Hanne Merethe Nøding. Arrangementet er ope for alle.

**Kl. 14.00–15.00:** Turgruppe på Hovden. Møt opp ved Grendehuset på Hovden for ein hyggeleg og lett tur i nærområdet. Turen er open for alle og passar for alle. I samarbeid med Røde Kors og oppstarten av deira Besøksteneste.

**Kl. 18.00–20.00:** Løysningsverkstad på Hovden grendehus om einsemd og utanforskap. Røde Kors innleier med eit innlegg, og etterpå skal me i fellesskap diskutere nye og kreative løysingar. Passar for ungdom og vaksne. Enkel servering. Det vert sett opp transport frå Bykle. Påmelding er naudsynt, [registrer deg her!](#) Eit samarbeid med fylkeskommunen og Røde Kors.

Alle er hjarteleg velkomne – saman skaper vi eit sterkare og meir inkluderande Bykle!



**Hovden grendehus: 08. oktober klokka 18:00**

**Bykle samfunnshus: 15. oktober klokka 18:00**

Språkkafé er ein møteplass mellom innflutte og bygdefolk for å få praktisert norsk og bli kjent med folk og staden.

Ta kontakt med [merete.egeland@bykle.kommune.no](mailto:merete.egeland@bykle.kommune.no) om du vil bidra som språkvert.



Boksirkelen møtast måndag 14/10 klokka 19 i biblioteket på Hovden grendehus. Me les boka "De uverdige" av Roy Jacobsen. Biblioteket kan skaffe boka til alle som vil vere med.

Velkomen!

**Mvh Merete, Bykle Frivilligsentral og Magnus, Biblioteket**

### Tømekalender

Restavfall: 16.10

Matavfall: 02.10, 16.10, 30.10

Papir, glass/metall, plast: 02.10, 30.10

### Gjenvinningsstasjonen på Tykkås har ope:

- Kvar torsdag: 12:30 - 18:30

- Den 1. laurdagen i kvar måned frå kl. 09:00 til 15:00.



**Bykle kommune**  
BYKLE SER LANGT

Sarvsvegen 14, 4754 Bykle  
Mån - fre: 09:00 - 14:00

T: 37 93 85 00  
E: [postmottak@bykle.kommune.no](mailto:postmottak@bykle.kommune.no)



**DEN NORSKE KYRKJA**

Kyrkja i Bykle, Valle og Hylestad

[www.valle.kyrkja.no](http://www.valle.kyrkja.no) / [www.bykle.kyrkja.no](http://www.bykle.kyrkja.no)

**Onsdag 02.10** kl.09.00 Morgonbøn og nistefrukost, Bykle kyrkje

**Onsdag 02.10** kl.12.30 Andakt på Bykleheimen

**Onsdag 16.10** kl.09.00 Morgonbøn og nistefrukost, Bykle kyrkje

**Onsdag 16.10** kl.12.30 Andakt på Bykleheimen

**Sundag 13.10** kl.16.00 Sundagsskule, Kyrkjekjeddaren i Bykle

**Onsdag 30.10** kl.12.30 Andakt på Bykleheimen

### Gudstenester

**Sundag 06.10 kl.17.00** Gudsteneste og kyrkjelyden sitt årsmøte, Bykle kyrkje

**Sundag 20.10 kl.17.00** Gudsteneste, Fjellgardane kyrkje

**Sundag 27.10 kl.15.30** Kyrkjerottene, Bykle kyrkje

**Sundag 03.11 kl.19.00** Helgemesse –

Minnegudsteneste – Diakonens dag, Bykle kyrkje



### Andre samlingar

**Sundag 29.9 kl.17.00** "Israel - et utvalgt og utskjelt folk", Kyrkjestoga, Valle

**Tysdag 01.10 kl.19.00** Temakveld – «Ei tru i endring», «kva med trua når alt endrar seg?», foredrag med Odd Inge Rønning Uleberg, Kyrkjekjeddaren i Bykle

**09.10, 10.10, 11.10, 12.10 kl.19.00** NLM-møte med Magne Birkedal, Kyrkjekjeddaren i Bykle



**Årets TV-aksjon** går til Barnekreftforeninga, som skal etablere familiehus ved universitetssjukehusa i Tromsø, Trondheim, Bergen og Oslo. Her kan barn med alvorleg sjukdom og familien deira bu saman medan barnet får behandling. I Bykle støttar vi TV-aksjonen gjennom ulike aktivitetar:

### Førebels program i Bykle. Oppdatert informasjon kjem på kommunen si heimeside:

**13/10 kl 12.** Fjelltur til Dagsturhytta på Hovdenuten med felles avmarsj frå Fjellgardane Kyrkje. Me serverar bollar og kakao til borna på toppen. Apell ved ordførar Hans Blattman og representant frå Fylkesaksjonskomiteen.

**Veke 42:** Arrangement ved skulane i kommunen

**17/10 frå kl. 16.30:** Familiearrangement på Hovden Grendehus. Me får musikalsk innslag frå barnekoret, det blir aktivitetar både inne og ute samt sal av varmmat, der all inntekta går til TV-aksjonen.

**20/10** TV-aksjonsdagen med bøsseaksjon i Bykle og på Hovden. Bøsseberarar vil gå frå dør til dør frå ca. kl. 12. Du kan gje via ulike betalingsmåtar som Vipps, SMS og bankkontooverføring. Vi tar også imot kontantar. Meld deg som frivillig bøsseberar 20. oktober her: [tvaksjonen.no/](http://tvaksjonen.no/) eller på tlf. 934 68 608 (Thor Bernhard Sagland)



Onsdag 23. Oktober klokka 18.00 i Bykle samfunnshus

Knut Olav Uppstad og Svein Kleivane kjem til kulturkaféen med ei musikalsk framføring av diktet "Terje Vigen" skrive av Henrik Ibsen. Det vert òg sal av kveldsmat med heimebakst i kaféen.

**Arrangementet er eit samarbeid mellom Bykle Folkeakademi, Diakonitvalet i Bykle og Kultur & fritid.**

### Velkommen til møteveke med Magne Birkedal

f.o.m onsdag 9.oktober t.o.m søndag 13.oktober i kyrkjekjellaren i Bykle kyrkje. Møta startar kl.19.00, unnateke søndag, då er møte kl. 11.00.

**Arr. Misjonsambandet**

### Bykle søndagsskule hausten 2024



Det blir søndagsskule i kyrkjekjellaren i Bykle kyrkje kl 16-17 følgende dagar:

**13.oktober, 10.november, 24.november, 15.desember**

Alle born frå tre år og oppover er hjarteleg velkomne. Har de spørsmål, ta kontakt med: Jørgine Sofie Mosdøl, tlf.: 951 72 235. **Arr.: Bykle søndagsskule**

### Haut/jolemarknad i Lislestog

laurdag 2.nov kl 11-16

Mange flotte utstillarar kjem, og du kan få kjøpt bakevarer, handarbeid og mykje anna fint! I Flatlandsstoga blir det sal av jolegraut og lappar/kaker.

Velkomen til marknad!

**Arr.: Bykle husflidslag**

